

Referat frå styremøte onsdag 10. februar 2016 kl. 10.00 – 16.00. Møtet vart halde på Quality Strand Hotel Hus på Gjøvik.

Deltakarar: Arnfinn Beito, Tore Krogsveen, Anne Kari Veikleenget, Bjørn Even Stenberg, Ellen M. Syse, Berit L. Kaltoft og Pål Kjørstad.

Sak 10/2016: Referatsaker

- Referat frå styremøte 20.01.2016 vart godkjent.
- Møte i rovviltnemnda 21.01.2016 m/dialogmøte om erstatningsoppgjøret 2016, Arnfinn og Pål deltok.
- Årsmeldinga er korrekturlest og retta opp i fleire omgangar. Den er trykt og vart utsendt 27.01.2016.
- Pål møtte med foredrag på årsmøte i Gausdal Sau og Geit 27.01.2016.

Sak 11/2016: Sekretæravtale

Pål Kjørstad har hatt arbeidsavtale med Oppland Sau og Geit, som ble inngått 30. September 2013. Denne er evaluert i løpet av 2015, og i forhold til tidsbruk og lønn har Pål etterspurt ny avtale. Dette vart teke opp under sak 46/2015 og utsett og under sak 54/2015 der sekretæren fekk utbetalt etterbetaling. Styret vedtok at dette restbeløpet skulle først 50/50 på fylkeslaget og Oppland Radiobjøllelag. For å koma vidare i prosessen ønsker Pål at ny avtale skal dekkja alt arbeidet han gjør i organisasjonen med fast lønn + reisegodtgjering etter Statens satsar. Nytt forslag til arbeidsavtale vart lagt fram i styremøte. Avtala vart nøye gjennomgått, endra og godkjent. Avtale skal reinskrivast og rettast opp etter vedtaket i styret og skrivast under av leder og sekretær i løpet av årsmøtehelga på Gjøvik, 4. – 6 mars 2016. Styret vedtok at kr. 50.000 av honoraret til sekretæren skal først under ”Godtgj. Rovviltarbeid” i rekneskapet.

Sak 12/2016: Budsjett for 2016 og arbeidsoppgåver for styret 2016 (sak 11 i årsmøte).

Styret vedtok disse arbeidsoppgåvene som framlegg for årsmøtet i OSG under sak 11

- Innspel til jordbruksforhandlingane 2016
- Laga ny sponsoravtale med Nortura og eller Furuset AS
- Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det
- Bidra til god kontakt/samarbeid med NSG, Nortura, Tine, Fylkesmannen, nabofylkeslag, Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen
- Medlemsverving – mål >1250 medlemmer i 2016
- Oppdatering av heimesida, inkludert rovviltartikkelen
- Søke FKT-midlar, midlar frå «Tilskot til tiltak i beiteområder» og andre midlar til drift av Oppland Radiobjøllelag
- Vidareføra engasjementet og kontaktnettverket i rovviltarbeidet
- Gjennomføre styremøter etter oppsett plan med saker frå Ring 41, geit og OGL
- Planleggja kontaktmøter/regionmøter i 2016/17 og seminar/årsmøte i februar 2017

- Arbeida med utfordringar til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark
- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder
- Arrangera 4 informasjonsmøter med lokallagsleiarar og beitelagsleiarar medio oktober 2016 for hjelp og påminning om kor viktig det er å sende inn søknad om rovvilterstatning når ein har hatt skader.
- Bidra i NM-arrangementet i saueklipping og ullhåndtering 2016

Styrets vedtok dette budsjettet som vert lagt fram for årsmøte under sak 11:

Fylkeslaget	Budsjett 2016	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Regnskap 2014
Inntekter:				
Kontingenter	340000	343442	340000	294855
Ekstra driftstilskot	108000	50800	48000	36120
Sponsor/annonser/kurs	93500	104000	65000	56000
Renteinntekter	8000	8323	8000	14928
Tilskudd og andre inntekter	10000	18200	13600	10000
Sum inntekter	559500	524765	474600	411903
Utgifter:				
Fagdag, rundskriv, mm	8000	7968	5000	4438
Sekretærtjenester	0	0	0	14400
Ledergodtgjørelse	25000	25000	15000	25000
Tillitsvalgtgodtgjørelse	110000	109400	75000	71920
Rovviltarbeid	40000	37840	48000	41280
Fastgodtgjørelse administrasjon	110000	91000	76000	66000
Regnskap/annet	11500	11200	11000	10800
Arbeidsgiveravgift	30000	29090	25000	22790
Kontorleie inkl tlf/data	0	0	0	4000
Revisjon/rekvisita	3500	3384	3000	2949
Årsmelding	25000	23619	18500	15036
Årsmøte inkl.støtte utsend.	55000	54731	55000	53186
Styre-/medlemsmøter.	27500	27534	25000	25695
Porto	15000	14793	12000	10377
Reisekostnader	70000	67732	55000	54075
Premier, gaver, andre kostnader	5000	4065	2000	14907
Andre kostnader		0	1000	0
Heimesida rovvilt	0	0	5000	0
Sum utgifter	535500	507356	431500	436853
Resultat	24000	17409	43100	-24950

Sak 13/2016: Saker styret vil fremme for årsmøtet (sak 9 i årsmøte)

Årsmøtesak: 9 a. Ekstra driftstilskot til fylkeslaget

Styret følger valkomiteen på at rovviltkontingenten frå nå av skal heite "Ekstra driftstilskot til fylkeslaget." Dette for å følgja NSG sine lover i §6, der det er opna for at fylkeslaga kan krevja inn tilskot frå medlemmane, men ikkje kalla det kontingent. "Rovviltkontingenten" var på kr. 40,- pr. medlem i 2015. Valkomiteen legg i år fram forslag om at eit ekstra driftstilskot på kr. 90,- pr. medlem ut frå medlemstalet pr. 31/12 2015.

Årsmøtesak: 9 b. Refusjon for deltaking på årsmøte for lokallagsutsendingar

Styret fremmer forslag på at det vert gjeve ein refusjon til lokallaga frå fylkeslaget på kr. 500,- pr. årsmøteutsending som deltek på årsmøte i Oppland Sau og Geit i 2016.

For å få refusjonen utbetalt må lokallaget innan eller seinast på årsmøtet i OSG ha endra styresamansetninga på «Min side» på heimesida til NSG eller sendt rapport om dette til sekretæren i OSG. Dette vil bli praktisert strengare i 2016.

Refusjonen på kr: 500,- pr. utsending vert trekt frå på fakturaen for ekstra driftstilskot.

Styret vedtok at fylkeslagets diplom vert gjeve til ein kandidat under premiesamlinga 5. mars.

Sak 14/2016: Tid og sted for årsmøte i 2017 (sak 12 i årsmøte)

Steder det er arrangert siste åra:

2016: Quality Hotel Strand, Gjøvik – saman med Hedmark og Akershus

2015: Dombås Hotell, Dombås

2014: Radisson Blu Resort Beitostølen, Øystre Slidre

2013: Gudbrandsdal Hotel Spidsbergseter, Ringebru – saman med Hedmark

2012: Quality Hotel Strand, Gjøvik

2011: Quality Hotel, Øyer

2010: Vågå Hotel, Vågå

2009: Quality Hotel Fagernes, Nord-Aurdal

2008: Spåtind, Nordre-Land

Styret vedtok at vi skulle fremme Gudbrandsdal Hotel Spidsbergseter, Ringebru den 18/2 2017 som forslag til årsmøtested og tid for neste år.

Sak 15/2016: Innstilling frå valkomiteen til årsmøtet i OSG 2016 (sak 10 i årsmøte)

Ring 41 Oppland:

Leiar for 1 år: Kjell Ivar Bergehagen

1 styremedlem for 2 år: Hans Petter Vaberg

Nestleiar for 1 år: Hans Petter Vaberg

3 vara-medlemmar i nummerorden for 1 år: 1. Odd Steinar Granheim 2. Ole Arne Øyhus 3. Kjell Gudmund Svien

1 medlem i valnemnda med personleg vara-medlem for 2 år: Lars Olav Leirdal m/vara Helge Nordlien

Møteleiar for årsmøtet 2017: Kjell Ivar Bergehagen

Møtegodtgjering for møter i 2016: Kr. 160,- pr. time frå avreise til heimkomst, kjøring etter statens satsar (for tida kr. 4,10 pr. km) og kr. 600,- pr. telefonmøte

Godtgjering for leiar: Kr. 15.000,- fast + møtegodtgjering

Godtgjering for sal av verar: Kr. 30.000,- fast

Oppland Sau og Geit:

Leiar for 1 år: Arnfinn Beito

2 styremedlemmar for 2 år: Ellen M. Syse og Pål Eiesar

Nestleiar for 1 år: Ellen M. Syse

3 vara-medlemmar i nummerorden for 1 år: 1. Berit Leine Kaltoft, 2. Eirik Kolbjørnshus og 3. Anne Terningen

Revisor for 1 år: Toten Regnskapskontor AS, Eina

1 medlem i valnemnda med personleg vara-medlem for 2 år: Berit Gutubø m/vara Torbjørn Elvestad

Leiar i valnemnda m/vara for 1 år: Tormod Gunderstuen m/vara Lars Olav Leirdal

Møteleiar for årsmøtet i 2017: På val er Ellen M. Syse m/vara Anne Kari Veikleengen

Møtegodtgjering for møter i 2016: Dagens ordning er kr. 160,- pr. time frå avreise til heimkomst, kjøring etter statens satsar (for tida kr. 4,10 pr. km) og kr. 600,- pr. telefonmøte

Godtgjering for leiar for 2016: Kr. 25.000,- fast + godtgjering for møter

Godtgjering til rovviltansvarleg for 2016: Kr. 10.000,- fast + godtgjering for møter og utført arbeid

Følgjande punkter frå valkomiteen vert teke opp under sak 9 i årsmøte: Ekstra driftstilskot til fylkeslaget på kr. 90,- pr. medlem. Fylkeslaget sender faktura til kvart lokallag basert på medlemstalet pr. 31/12 2015. Dette vil erstatte dagens rovviltkontingent og vil vera i tråd med §6 i lovane til NSG.

Oppland Radiobjøllelag:

Val av ansvarleg til utleige av utstyr: Driftsleder i Oppland Radiobjøllelag Leiepris for radiobjøller/findmysheep 2016: Kr. 250,- pr. eining pr. år.

Sak 16/2016: Høringsak NSG – Landsmøtefrekvens i framtida

Saka er i forhold til ”lovsaka” på landsmøtet i 2015, der styret i NSG vil ta oppatt denne på neste landsmøte i 2017. Styret i Oppland Sau og Geit vedtok at dei ville gå for alternativ ”2B”, som er skissert slik: ”Årsmøte hvert år. Representantskapet beholdes med direktevalgte representanter. Årsmøte i mars. Representantskapsmøte kun om høsten.”

Sak 17/2016: Oppland Radiobjøllelag

Styret vedtok dette budsjett for ORL som vert lagt fram under sak 11 på årsmøte:

Budsjett Oppland Radiobjøllelag 2016				
Inntekter	Budsjett 2016	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Tilskot FKT og OBB	400000	540000	500000	500000
Leieinntekter radiobjølle/fms	850000	816023	790000	633420
Leieinntekter salsteinsavlesere	60000	98750	81000	33750
Utestående krav 1/1 2016	77500			
Renteinntekter	4000	4349	10000	10034
Sum inntekter	1391500	1459122	1381000	1177204
Utgifter				
Kataloger, mapper	0	0	0	2226
Saltsteinavlesere	92500	0	67500	67500
Sekretærtjenester	0	0	0	2400
Abonnement	720000	1280715	620000	1220216
Utstyr	400000		500000	
Fastgodgj. administrasjon	90000	90000	70000	70000
Regnskap	13000	12600	12500	12150
Godtgjøringer	0	0	5000	4000
Arbeidsgiveravgift	11000	10875	10000	9130
Kontorleie/rekvisita	0	0	0	2500
Fakturering, revisjon	15500	14800	12500	11760
Årsmelding	12000	10215	9000	7600
Årsmøte	16000	15955	5500	5300
Styre-/medlemsmøter	10000	0	10000	879
Porto	1000	811	3000	2745
Reisekostnader	10000	9467	10000	6039
Andre kostnader	500	580	0	0
Sum utgifter	1391500	1446018	1335000	1424445
Resultat	0	13104	46000	-247241

Sak 18/2016: Saker frå Ring 41/avlsutvalget

I samband med seminaret er det nå bestemt at Terje Bakken, sekretær Ring 41 og Nils Inge Hitland, leder i Hordaland Sau og Geit vil stå for og leggja fram seminarforedraget m/tema avl i årsmøte- og seminarhelga vår.

Pål Kjørstad orienterte om ringverane i Oppland. For 2015 har han nå laga ei liste med med info om lagnaden til kvar ver, seld, slakta, sturta, elitever etc. Dette vil halda fram i 2016 òg, slik at ringbesetningar skal senda melding til Pål når det hendar noko, slik at vi har kontroll på kva vi har og kvar alle verane er til ein kvar tid.

Pål Kjørstad orienterte òg om bekymringa rundt spælulla. Han var sterkt i mot at ein ved kåring av spæl kunne gå for at verar med klasse F2 kunne kårast. Han nemnte òg at Nortura Rudshøgda og Furuset hadde vorte minna på av Animalia om at ullklassifiseringa av spælull ved desse slakteria viste ein for liten andel F2. I denne saka meinte han at resultatata frå desse slakteria faktisk viste at regionen vår hadde betre kvalitet på ull av spælsau enn t.d. Nordvestlandet og Midt-Norge.

Sak 19/2016: Geitesaker

Tore Krogsveen la fram sak angående geit til innspelet i jordbruksforhandlingane, sjå sak under eventuelt. Premie for beste bukk i Oppland er tinga.

Sak 20/2016: Gjetarhundsaker

Torkjel Solbakken har i brev fortalt at dommarane i Oppland er delt i saka om poengsummen/vektinga av driving i kl. 1 – prøver, som vart teke opp på eit tidlegare styremøte. Saka vert difor teke oppatt og drøfta på komande landsomfattande dommarsamling.

Sak 21/2015: Eventuelt.

1. Innspel til jordbruksforhandlingane 2016: Styret vedtok at dette skal sendast frå Oppland:
 - a) Auka satsane på tilskot til småfe på utmarksbeite. Vi må støtta utmarksbeiting for å spare innmarka til fôr dyrking og dermed kunne ha større produksjon på ressursar vi allereie i dag får over.
 - b) Geitehaldet har satsa stort på sanering og utbygging. Det må kjempast for at førehaldstalet på kvota for geitemjolk-produksjon vert halde på 100.
 - c) Ønsker å reversera kvotetaket på geitemjolk frå 900.000 liter til 250.000 liter. Føretak med så store kvoter vil i praksis føra til eit geitehald som ikkje brukar utmarksbeite, og det ønskjer vel ikkje vi i NSG.
 - d) I forhold til den vetekne utbetalinga av kvalitetstilskotet på kje- og lamme-slakt vil vi at dei som hadde siste produksjonsåret i 2015 og fyrste produksjonsåret i 2016 skal få utbetalt fullt tilskot. Dette vert gjort ved at produsent med 2015 som siste året med produksjon får utbetalt kr. 250,- ekstra pr. slakta lam/kje av rett kvalitet i 2015 og at produsent med fyrste produksjonsåret 2016 får utbetalt kr. 250,- ekstra pr. slakta lam/kje av rett kvalitet i 2016. Tilskotet må utbetalas så snart tala er klare.
 - e) Nytt tilskot til nydyrking. Vi må dyrka meir jord for å auka matproduksjonen. For sau og geit har vi store utmarksbeiteressursar til sommarbruk, men i inneføringssesongen treng vi meir grovfôr og dette får ein berre frå dyrka areal.
 - f) Avløysartilskotet må halda fram. Vi vil at dette tilskotet skal brukast til det det var meint som, til avløyning i ferie og fritid.

- g) Tilskot til avløyser ved sjukdom må òg halda fram.
- h) Auka kulturlandskapstilskot grovfôr for å kompensera for auka driftskostnader.

Andre saker:

I Oppland har støtte til bygging og ombygging av driftsbygningar frå Innovasjon Norge vorte diskutert med bakgrunn i mogleg overproduksjon av lam i nær framtid. Vi har konkludert med dette: Vi meiner at Innovasjon Norge berre bør støtta utbyggingar til etablerte driftseiningar i forhold til modernisering, ombygging og generasjonsskifte. Det må krevjast at marknadsregulator fokuserer på produktutvikling av småfekjøtt, og i samband med dette prioritera meir sal av lammekjøtt gjennom heile året. I tillegg må norskprodusert kjøtt foredlast innan landets grenser før vi importerer utanom fastsette kvoter. Dersom lammekjøtt er tilgjengeleg over lengre periodar, kan dette erstatta noko av storfekjøttet vi ikkje har.

Oppland Sau og Geit er bekymra over det nye systemet med tilskotsordningar og telledatoar som er skissert. Vi ber NSG setja seg godt inni dette og at dei gjev innspel til forhandlingsutvalet på eventuelle ulemper dette tilfører småfenæringa.

2. Møteplan 2016:

Årsmøte: 04/03 kl. 12.00, Gjøvik

Styremøte: 30/03 kl. 11.00, Lygna, møte m/lokallaga Hadeland, Toten og Land

Styremøte 08/06 kl. 10.00, sted vert fastsett etter behov.

Styremøte 17/08 kl. 10.00, sted vert fastsett etter behov.

- 3. Diverse saker angående det praktiske under årsmøte- og seminarhelga vart diskutert og avklart både innan styret og med hotellet.

Gjøvik, 10/02 2016

Pål Kjørstad, sekretær